

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 12.00 Til kl. 13.00
Aurland	fjellstyret	Melahytta	18.4.23	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Leif Turlid.

**Vara-
medlemar**

Andre Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

11/23, 12/23, 13/23.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.4.23

Stad: Melahytta

Sak 11/23. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 21. mars
- 2) Notat frå HMS-øving for fjelloppsynet, Brubotn 27. mars
- 3) Isfiskedag i Stemmerdalen planlagt søndag 23. april, annonsert i Aurlendingen 1. april.
- 4) Årsmøte villreinutvalet for Nordfjella 11. april. Framlegg fellingskvote m.m.
- 5) Vår møte Hardangervidda 14.-15. april. Orientering v/Sigurd og Erling.
- 6) Løyve datert 13/4 frå Aurland kommune til Aurland fjellstyre til transport/synfaring på Melahytta.
- 7) Villreinrådet sine fagdagar skal haldast på Beitostølen 31. mai – 1. juni.

Sak 12/23. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen

Søknad frå skyttarlaga Aurland og Stålring låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for bukk 1 ½ år og eldre til jaktkarusellen som skyttarlaga Stålring og Aurland gjennomfører våren 2023.

Sak 13/23. Søknad om tilskot til bokprosjekt

Søknad frå Hol historielag låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret gjev eit tilskot på **kr 5000** til Hol historielag i samband med utgjevinga av boka «Villrein i lys og skygge.» I tillegg ynskjer fjellstyret å tinga **20 eks.** av boka når ho kjem ut, med betaling når bøkene er mottekne.